

RESOLUSJON

HVL må på glid med KI!

Vedteke av Studenttinget på Vestlandet, 18.11.2023

Resolusjon: HVL må på glid med KI!

Kunstig intelligens (KI) er på mange måtar umogleg å komma utanom i det teknologiske samfunnet me lever i. KI blir stadig viktigare og hyppigare brukt, og teknologien har blitt lettare tilgjengeleg for studentar, til dømes gjennom program som ChatGPT. Det finst ei rekkje program som brukar KI til ulike oppgåver, og fleire selskap arbeider aktivt for å fremja bruk av KI i utdanning, forskning og arbeidsliv.

Ein kjem ikkje utanom at KI også har fått ein stor plass i den offentlege samfunnsdebatten. Debattane handlar mellom anna om forholdet mellom menneske og teknologi, og kor pålitelege og etiske KI faktisk er. Innanfor academia har det særleg vore diskusjonar om kor vidt KI kan bli brukt til fusk, kor vidt det faktisk er fusk å bruka KI, og ikkje minst om dei etiske sidene ved å bruka verkøyet i utdanningane.

Det er liten tvil om at KI, på trass av dei utfordrande sidene, er eit nyttig verktøy for studentane ved Høgskulen på Vestlandet (HVL). KI kan brukast til eit vidt spekter av oppgåver, og med den frammarsjen teknologien har hatt dei siste åra, vil denne teknologien også vera noko studentane vil måtta forholde seg til som framtidige arbeidstakarar.

KI har for lengst komme for å bli, både i academia og arbeids- og samfunnslivet. Dagens studentar treng utdanningar som tek i bruk ny teknologi på ein fornuftig måte, styrkjar evna deira til etisk og kritisk refleksjon, og såleis gjer dei betre rusta til å møte endringane og utfordringane i samfunnet rundt oss.

Studenttinget på Vestlandet vil at

- ▶ HVL skal samarbeida med andre akademiske institusjonar og teknologiindustrien for å sikra relevant og ansvarleg bruk av kunstig intelligens i Noreg.
- ▶ HVL skal utvikla retningslinjer for bruk av kunstig intelligens for å fremja læring.
- ▶ HVL skal ta initiativ til å få utforma etiske retningslinjer for bruk av kunstig intelligens i høgare utdanning for å sikra ansvarleg og etisk bruk av denne teknologien.